

# FAMILIEIDYLL OG FJERNSTYRTE BARN

## litt om serien

# Nest best

-korleis det gode så lett tek plassen til Den Gode

Under andre verdskrigen var kaffi sjeldan vare, og kaffi-erstatninga som var å få tak i var basert på løvetann og erter. Ingen som hadde smakt ekte kaffi føretrakk erstatninga. Likevel gjekk det ned, det var jo trass alt det nest beste, var det ikkje?

Vi les i Bibelen og syng rett som det er i songar at Gud skapte oss for at vi skulle vere nært knytt til han, og at det er det beste for oss. Men vi har så utruleg lett for å knyte våre håp, vår verdi og vår identitet til eitt eller anna som vi løftar opp og gjer til det viktigaste i livet vårt.

I denne serien vil vi prøve å avsløre korleis ting som egentleg er gode i seg sjølv kan bli guds-erstatningar. Kvifor ta til takke med det nest beste, erstatninga, når den ekte livgjevande varen er gratis tilgjengeleg for alle?

## litt om tema

Vi høyrer ofte om "dei kristne familieverdiane". For nokon kan det å vere ein gjennomsnittleg, triveleg kjernefamilie vere om lag det same som å vere kristen. For andre kan dette verke trongt, kjedeleg, umoderne og lite tiltrekkande. På toppen av det heile kjem Jesus i denne teksta og seier noko som kan høyrast rimeleg hjartelaust og kaldt ut, nemleg at på grunn av han så skal det bli skilje mellom son og far, mellom dotter og mor og mellom svigerdotter og svigermor (sjølv om det siste ofte gjar av seg sjølv). Kva skal dette bety?

Svaret ligg i det at vi så lett løftar opp familie-idyllen vår til ein slags avgud, og då blir det vanskeleg for Jesus å vere herre i liva våre. Men å følgje Jesus betyr ikkje på nokon måte at vi trekk oss unna familien, snarare at vi søkjer å vere "små Jesusar" for dei andre gjennom oppofrande, kjærleige og tilgjevande liv. Men om vi prøver aldri så hardt på dette, kjem vi ofte til å feile. Gong etter gong vil det vise seg at vi treng nåde og tilgjeving frå Han som så gjerne vil vere sentrum også for vårt familieliv.

## Les teksta

Matt. 10, 32-39



Bibel

## -vegleiande spørsmål:

- Kva er første reaksjonen din når du les denne teksten?
- Korleis trur du Jesu ord her høyrast ut for ein muslim som er i ferd med å bli kristen?
- Korleis ser denne teksten ut for eit humanetisk foreldrepar som er bekymra for dottera som har begynt å møte kristne?

## -den ærlege samtalen



Fellesskap

- Har du døme frå bøker, film, seriar eller liknande på nokon som ser ut til å dyrke familien sin på ein usunn måte?
- I døma dykkar, korleis verkar dette inn på andre i familien?
- Er det nokre mønstre her du kan kjenne igjen eller vere obs på i din eigen familie?



Misjon

## - gjennom deg og vidare

Kan det "kristne a4-familie-livet" vere ei sperre for menneske som ønskjer å bli kjent med Jesus? Korleis kan vi formidle at Jesus no som for 2000 år sidan er spesielt interessert i alle som hamnar utanfor a4-kategoriane?



Raushet

## - takksam deling

Dersom Jesus får vere midtpunkt i familien gjennom at de, som han, er oppofrande og tilgjevande mot kvarandre, er dette då å bry seg *mindre* om dei andre i familien? Korleis kan dette sjå ut i praksis?

"Ingen naturlige kjensler er opphøgdde eller låge, heilage eller ugudelege i seg sjølv. Dei er alle heilage når Guds hand har styringa. Dei vert alle forderva når dei riv seg laus og gjer seg sjølv til avgudar".

-C.S. Lewis,  
*Den store skilsmisja (1944)*



Bøn

## - takk, bøn og forbøn

- Takk for familiane dykkar, for det gjenskinet av Gud som finst i kvar og ein av slektingane dine.
- Be om visdom til å formidle Guds kjærleik og nåde til familiemedlemmane dine.
- Be for at Gud må lækje brotne og sára relasjonar, og takk for at relasjonane i himmelen kjem til å vere annleis.
- Del bønneemne og be gjerne for kvarandre eller for andre personar.

Måten vi veks på som kristne er å lære oss å skilje ut kva som er Guds tale til oss og så handle på det. Av alle samtalanane, tekstane og bønene i dag: Kva har blitt ståande som viktigast? Under kan du skrive kva det er, og kva slags respons du vil gje dette. Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

Kva høyrde eg?

Kva gjer eg med det?



-korleis det gode så lett tek plassen til Den Gode